



Rili Eiendom AS  
Rosshesvegen 71  
5957 MYKING

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/743 - 20/1508

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
10.01.2020

Ferdigattest - gbnr 445/361 s.2 - innreiing av loft i bustad Manger nedre

**Administrativt vedtak. Saknr: 016/20**

**Tiltakshavar:** Rili Eiendom AS

**Ansvarleg søkjar:**

**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

**VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for innreiing av loft med 2 soverom og bodar i bustad på gbnr 445/361/0/2.**

**Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.**

Tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka 16/1382 DS 262/2016, datert 15.09.2016. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 20.12.2019.

**Skildring**

Adresse:	Langhøyane 1B 5936 Manger
Bygningstiltak:	Innreiing av loft
Bygningsnummer:	24207862
Bruksareal:	23,24 m <sup>2</sup>

Avlaup:	
Vatn:	
Tal på røykløp:	

**Regeleverk**

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/743

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Byggesak gbnr 445/361 Manger Nedre - søknad om ferdigattest

**Mottakarar:**

Rili Eiendom AS

Rosshesvegen 5957  
71

MYKING